



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2571 - 18/32758

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
31.10.2018

Oversender søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom til uttale - gbnr 191/5 Nepstad

Tiltak: Dispensasjon for deling av grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 191/5 Sjosidevegen 138
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar: Bjørn Henning Hopsdal Nepstad

Saka gjeld søknad m dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom på ca. 1 mål med etablert våningshus. Parkering skjer på eigen grunn. Utifrå kartdata er det ca. 54m i minsteavstand til større driftsbygning. I følge søkjar så har ikkje og vil ikkje omsøkte parsell med etablert våningshus vere aktuell til å nytte til landbruksføremål.

Heimelshavarane er Hildegunn Håbrekke og Bjørn Henning Nepstad frå 01.11.2007. Det er heimelshavar, Bjørn Henning Nepstad, som fremjar dispensasjonen.

Løyve til oppføring av nytt våningshus og utslepp, datert 30.04.2019 i sak 2007/1371 på omsøkte parsell. Vedtaket har heimel i jordlova § 9 av 09.12.2008. Privat avløp med minirensanlegg på omsøkt parsell. Privat vatn med eige borehol på omsøkte parsell. Avkøyrsl løyve til kommunal veg 1180, Sjosidevegen. Våningshuset er gjeve ferdigattest, 01.08.2011.

Eigedomen – gbnr 191/5 – er etablert med 3 våningshus. Omsøkte parsell er etablert med våningshus på Sjosidevegen 154. Våningshus 2 er etablert på Sjosidevegen 138. Våningshus 3 er etablert utan adresse i matrikkelen. Det er eit større driftsbygg og eit mindre driftsbygning på eigedomen.



Planstatus

Eigedomen er uregulert innanfor det som i kommunedelplanen Knarvik-Alversund (KDP) er definert som LNF (landbruk-natur og friluftsliv).


Utsnitt kommuneplanen

Utsnitt grunnkart





Situasjonskart, datert 08.02.2018



Tilkomst

Tilkomsten til eigedomen må skje via kommunal veg. Det er gitt avkøyringsløyve i sak 2007/1371. Vatn og avløp

Vatnhandtering vil skje ved bruk av eige borehol på omsøkte parsell. Avløpshandtering vil skje ved bruk av minirensanlegg på omsøkte parsell.

Jordlova

Landbrukseigedomen er ikkje i drift iht. til kommunens oversikt pr. 17.04.2018. Omsøkte parsell er vist plassert hovudsakleg på innmarksbeite (gul farge) og noko er vist på produktiv skog (grøn farge). Ved deling er det krav til omdisponeringsvedtak etter jordlova § 9 og vedtak etter jordlova §12. I sak 2007/1371 er det vist til at det er gjeve omdisponeringsvedtak etter jordlova § 9 av 09.12.2008 for etablering av

våningshuset. I vår sak om søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom med etablert våningshus må det foreligge uttale frå Landbruk iht. jordlova §9 og 12 då det no er søkt om dispensasjon for deling.

Kartutsnitt NIBIO, datert 30.10.2018



Andre tilhøve

Privat avtale om vegrett samt vatn- og avløp frå heimelshavar av gbnr 191/5 til omsøkt parsell er lagt ved søknaden om dispensasjon.

Dispensasjonen er ikkje nabovarsla.

Situasjonskart må målsettast. Omsøkte parsell bør visast med minirensanlegg plassert innafor omsøkt parsell då minirensanlegg er til bruk for våningshus på omsøkte parsell.

Det føreligg uttale frå Landbruk i høve LNF-føremålet, datert 03.06.2015. Søknaden er motteke 23.08.2018. Det er over 3 år sida uttalen vart gjeven, og vi ber om ny uttale.

Parallelt med høyringsfristen vil kommunen innhente naudsynt dokumentasjon i saka.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan til frådeling av bustadtomt - gbnr 191/5 Nepstad

Søknad om dispensasjon frå kommunedelplan til frådeling av bustadtomt

Grunnkart med VA-data - gbnr 191_5

Kommuneplankart oversikt- gbnr 191_5

Kommuneplankart - gbnr 191_5

Ortofoto 2015 - gbnr 191_5

Kopi til:

Bjørn Henning Hopsdal Nepstad	Skarvatunvegen 283	5637	ØLVE
Bjørn Henning Hopsdal Nepstad	Skarvatunvegen 283	5637	ØLVE

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kjartan Nyhammer			
Planavdelinga			
Rune Kilen			